

Årsmelding KEK Helse Førde 2016

Mandat for Klinisk etikkomité i Helse Førde

Klinisk etikkomité skal:

Medverke til at vi legg større vekt på etikk og kompetanse om verdispørsmål ved behandling av pasientar

Medverke til at vi forstår betre samanhengen mellom klinisk-etiske problemstillingar, ressursbruk og prioriteringar

Medverke til at pasientar og pårørande vert tekne hand om på ein god måte i spesialisthelsetenesta

Medverke til at vi vert dyktigare til å identifisere, analysere og avklare etiske problem og dilemma

Stimulere til systematisk etisk refleksjon og vere til hjelp ved drøfting av konkrete etiske utfordringar før og/eller etter avgjerder

På førespurnad gje råd om korleis konkrete etiske problem kan løysast

Vere open og ikkje diskriminere i spørsmål som gjeld livssyn

Medverke til kvalitetsarbeidet i verksemda

Organisering, oppnemning og økonomi

Klinisk etikk-komité i Helse Førde har 15 medlemmar som blir valde for 3 år om gongen, med høve for kvart medlem å halde fram. Komitèen skal vere tverrfagleg samansett. Av desse skal det vere minst to legar og to sjukepleiarar. Adm. direktør oppnemner leiar og medlemmer etter innstilling frå KEK Brukarrepresentant vert utnemnd av dirktør etter innstilling frå leiar i brukarutval og leiar i KEK Komitèen skal vere uavhengig og sjølvstendig og skal sikrast naudsynte ressursar og ha eit eige budsjett.

Samansetjing

Ved samansetjing av KEK skal ein vektleggje følgjande:

KEK skal ha leiar og sekretær

KEK skal ha tverrfagleg breidde og medlemmer som tek kliniske avgjerder

KEK skal ha ein brukarrepresentant som medlem

KEK bør ha medlem med kompetanse i medisinsk etikk

KEK bør ha medlem med helserettsleg kompetanse

Arbeidsform

Alle kan vende seg til KEK.

Behandling av saker skal som hovudregel skje med basis i anonymiserte pasientopplysningar.

Når ein vik frå regelen om anonymitet, må ein hente inn samtykke frå pasient før saka vert lagt fram for KEK, jf. Helsepersonellova § 22. Medlemene har teieplikt om opplysningar som kan identifisere personar og om helseopplysningar som dei får kjennskap til i komitéarbeidet. Deltakarar i KEK som ikkje er omfatta av Helsepersonellova (t.d. jurist og brukarrepresentant) bør skrive under fråsegn om teieplikt.

KEK fastset sjølv kor ofte det skal vere møte og avgjer arbeidsform innanfor ramma til mandatet, men komiteen skal ha høve til å kome saman på kort varsel i hastesaker

KEK skal skrive referat.

KEK skal skrive årsmelding.

KEK skal få sitt arbeid evaluert i høve til gjeldande rutinar for evaluering i helseføretaket.

KEK Helse Førde for 2016

Leiar:

Jan Nordeide overlege revma Førde

Medlemmer:

Einar Skudal, sjukehusprest, Førde

Odd Flikke, klinisk psykolog, Førde

Ole Lervik, overlege medisin, Førde

Rune Larsen, overlege anestesi, Førde

Wenche Hårklau Vallestad, sjukepleiar, Førde NY

Bente Kristin Espeland, sjukepleiar barneavd. Førde

Bente Fure, psyk. sjukepleiar, Florø

Bård Eikeset, foretaksjurist, Førde

Rune H Tilseth, overlege medisin, Førde

Elin Bruland, kreftsjukepleiar, Førde

Jon Arnestad, overlege medisin, Eid

Anna Karin Skrede, psykolog, Sogndal

Gerd Bjørkedal, brukarrepresentant, Førde

Det har ikkje lukkast å finne medlem frå Lærdal.

KEK Helse Førde oppfyller ikkje 2 av krava i nasjonalt mandat

Helse Førde HF har valt ikkje å oppfylle to krav fastsett i Nasjonalt mandat for kliniske etikk komitear og i bestillingdokument frå RHF Helse Vest. 2012

Komiteen har ikkje budsjett og har ikkje fått sekretærhjelp frå administrasjonen.

Situasjonen for 2016 er den same som i årsmeldingane 2013-2015

Aktivitet

KEK har hatt 5 møter, 3 møter er avlyst.

Vi har møterom med videokonferanse mulighet til Eid, Sogndal, Florø.

Aktiviteten i KEK har vore mindre i 2016, men innhald og kvalitet i arbeidet har vore god.

KEK Helse Førde har framleis rådgjevande funksjon før publisering av avvik etter Spesialisthelsetjenestelovens § 3-3 Det skal vere alvorlege hendingar som er nærmare konkretisert i forskrift. For å finne nok avvik til å legge ut på internett 2 pr måned som er PTU sitt vedtatt mål, har PTU vedtatte å endre forskriftene ved å legge til eitt punkt: «Og andre pasient relaterte hendingar av allmenn interesse». KEK har kritisert vedtaket av to grunnar. Vi meiner at PTU Helse Førde ikkje har mandat til å endre § 3-3 kriteriene . Tilleggspunktet er slik forma at det opphever krava til alvorlighet som er definert i lov § 3-3 og dei andre punkta i vedtektene.. Andre innvendingar i konkrete saker har vore for dårleg anonymisering og for mange detaljar unødvendige for å opplyse saka.

Møte med HF leinga

Foretaksleinga hadde utarbeidd ei radikal endring av sjukehusets struktur, der grunngeving for endringane og faglege konsekvensar ikkje var avklara og/eller uklår for mange tilsette. Sidan omlegginga hadde overskrift «Pasientens helsetjeneste», ba KEK om møte med foretaksleinga for informasjon og utveksling av synspunkt.

Fredagsmøte

Olga Tvedt : Verdig død

Reidun Førde: Pasientens helsetjeneste

Eksterne møter

Pasientombodet i Sogn og Fjordane sin fagdag «Begrensning av livsforlenande behandling». Leiar av KEK omtale erfaringar frå KEK sitt arbeid med slike spørsmål og KEK medlem deltok i paneldrøfting.

2 deltakar på Haustmøtet

KEK Helse Førde presenterte eit kasus: «Den uvillige pasient».

1 deltakar på EACME, Leuven, Belgia.

Kasusdrøfting

Ein sjukepleier saman med sin oversjukepleiar tok kontakt med leiar av KEK då ho ved utskrivning av pasient var redd for at det var risiko for at pasient kunne utføre etisk og staffbart overgrep mot mindreårig nær slektning. Kunne ho varsle? Hadde ho rett til det? Burde ho det? Kven skulle varslast: Foreldre til den mindreårige, fastlege, barnevern, politi?

Problemstilling:

Seksualisert adferd hos eldre person med manglande evne til grensesetting og impuls kontroll grunna hjerneskade.

Bør eg, kan eg sende bekymringsmelding?

Det dreier seg primært om å forebygge at overgrep mot mindreårig barn skjedde, men og å verne pasient mot å bli satt i ein situasjon han ikkje kunne styre.

KEK drøfta saka i 2 møter, både etikk og aktuell juss

KEK meinte det var etisk rett å gi informasjon til rette vedkommende for å hindre mogeleg lovbrøt som kunne bety langvarig og alvorleg skade på den mindreårige. Bekymringa var velbegrunna fagleg, og bygde observasjon og kjennskap til pasienten over lengre tid.

Det var rosverdig av sjukepleiar å varsle. Ved å varsle hadde ho synt sivil mot. Det var ikkje gitt at ho vart møtt med forståing og aksept, men kunne blitt møtt med sinne og kritikk. Då ho tok kontakt med den mindreårige sine føresette. Ho lytta til sitt samvit, synte ansvar, klokskap og godt fagleg skjøn. Samtidig som ho før handling søkte råd og støtte frå overordna sjukepleiar og drøfte pro og kontra argument med KEK.

Vi meiner at det vart handla innan for lovas rammes. Samtidig er medisinsk fagleg leiing på avdelinga å kritisere for **dei** ikkje hadde teke ansvar. Saka hadde vore drøfta i fellesmøte i

avdelinga, men ikkje fulgt opp. No var det ein enkelt sjukepleier som tok ansvar og belastning.

Økonomi

Utgifter 14981,30- NOK

Planar for 2017 og 2018

Vårsemesteret 2017 er planlagt.

KEK Helse Førde er inne i sitt siste funksjonsår. Det skal velgast ny komite og leiar hausten 2017. KEK helse Førde står overfor leiarskifte, KEK Førde har hatt same leiar frå stiftinga til no .Noverande leiar sluttar ved oppnådd aldersgrense.

Førde 12.02.17

Jan Nordeide
Leiar KEK helse Førde